



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møtedato: 23. mai 2017
Stad: Meland kommunehus – Formannskapssalen
Kl.: 08.30 – 11.30
Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Anne Marie Skurtveit (medlem), Morten Klemmentsen (medlem), Rikke Slåtten Nordal (medlem), Aslaug Aalen (medlem) og Dag Erik Hagesæter (vara for Øyvind Bratshaug), Birgit Pil – vara for Lars Barstad
Innkalla: Konstituert rådmann Kari Anne Iversen og leiar for barnevernstenesta i Meland Kjell Ølnes, Reidun Elin Johannessen – skulekontoret, Randi Hilland – stab.
Revisjon: Reidar Bjørsvik og Randi Rykkje
Sekretær: Bent Gunnar Næss
Forfall: Øyvind Bratshaug (medlem) og Lars Barstad (nestleiar)

23/17 Forvaltningsrevisjonsrapport av barnevernstenesta

Saksvedlegg: «Internkontroll og oppfølging av barn i fosterheim. Meland kommune 2016», Nordhordland Revisjon IKS

Representanten Birgit Pil opplyste om at hun var fosterforeldre i Meland kommune og tok opp spørsmålet om hun var habil i saka. Utvalet drøfta spørsmålet. Utvalet kom fram til at representanten var innhabil etter forvaltningsloven § 6 annet ledd - andre særegne forhold.

Kontrollutvalet bestilte i sak 29/16 forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll og oppfølging av barn i fosterheim. Meland kommune 2016». Problemstillinga som rapporter søkjer svara på, er: «Har barnevernstenesta skriftlege rutinar som ivareteke kommunen sine plikter for oppfølging av barn i fosterheim, og er rutinane eigna til å sikra kvaliteten i tenestene?».

På grunnlag av konklusjonen har revisjonen følgjande tilrådingar til Meland barnevernsteneste:

- Barnevernstenesta bør utarbeide ein skriftleg rutine for å utarbeida omsorgsplanar, der det er skildra kva omsorgsplanen skal innehalda, formålet med den og prosedyren som skal ivareta oppgåva og sikra kvalitet i omsorgsplanane.
- Barnevernstenesta bør sikra at gjeldande praksis for å ivareta oppgåver knytt til fosterheims- og forsterkingsavtalar er skildra i ein skriftleg rutine, der formålet og prosedyren som skal ivareta oppgåvene går fram.
- Barnevernstenesta bør utarbeida ein skriftleg rutine som skildrar prosedyre for eit minimumskrav til oppfølging av alle fosterheimar, og som legg til rette for ei individuelt tilpassa oppfølging av fosterheimar.
- Barnevernstenesta bør utarbeida ein skriftleg rutine som skildrar prosedyren for å føra kontroll med mottak av tilsynsrapportar og for å følgja opp innhaldet i rapportane.
- Barnevernstenesta bør utarbeida ein skriftleg rutine for å utarbeida individuelle planar der formålet med planen, og prosedyre for å utarbeida og ivareta formålet går fram.

- Barnevernstenesta bør utarbeida eit avvikssystem, og sikra at det går fram av skriftlege rutinar korleis avvik skal registrerast, rapporterast og følgjast opp.

Revisjonen møtte i saka for å legge fram rapporten. Konstituert rådmann Kari Anne Iversen og leiar for barnevernstenesta i Meland Kjell Ølnes møtte i saka for å orientere om kommunen sin plan for oppfølging av tilrådingane i rapporten. Administrasjonen synes rapporten var eit nyttig verktøy til å forbetre tenestene og hadde nokre kommentarar til rapporten.

Kontrollutvalet stilte spørsmål til revisjonen og administrasjon.
Administrasjon hadde ingen merknad til dei tilrådingane som var lagt fram av revisjonen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ser det som viktig at rapporten sine tilrådingar vert følgt opp av rådmann. Kontrollutvalet ønskjer å følgje opp forvaltningsrevisjonsrapporten og status for administrasjon sitt arbeid med tilrådingane på møtet i kontrollutvalet 16. november 2017.


Forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret ser det som viktig at rapporten sine tilrådingar vert følgt opp av rådmann. Kommunestyret ser det som viktig at kontrollutvalet føl opp rapporten.

Frekhaug, tysdag 23. mai 2017

Kåre Skibenes /leiar

Kåre Skibenes.


Bent Gunnar Næss/sekretær